



26 FEB 2015

Det Kongelige Samferdselsdepartementet  
Pb 8010 Dep  
0030 OSLO

Dato: 24.02.2015  
Vår ref.: 2015/2075-1  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.:

## Vegavgift på naturgass. Økonomiske fylgjer for bussdrifta i Hordaland

Me syner til at det gjennom statsbudsjettet for 2015 er vedteke å påleggja vegavgift på bruk av naturgass. Denne avgiftsändringa vil auka Hordaland fylkeskommune sine kostnader til kollektivdrifta i Bergen med omlag 24 mill kr.

Hordaland fylkeskommune har lang tradisjon for å nytta naturgass i bussdrifta i Bergen. I 1999/2000 vart det inngått avtale med Gaia Trafikk/HSD Buss om å investera i 80 bussar med naturgassdrift (CNG) for bruk i Bergen. I samband med at bussdrifta i Bergen vart anbodusutsett i perioden 2010-2011 vart det på nytt sett krav om bruk av gass på ein del av bussparken. Det inneber at det per dags dato er 101 gassbussar i drift i Bergen. Dei fleste gassbussane er leddbussar som går på dei tunge stamlinene, og dei utfører difor ein vesentleg del av ruteproduksjonen i byen.

Kostnadane til investering og drift er høgare for gassbussar enn for konvensjonelle dieselbussar. Hordaland fylkeskommune har likevel valt å ta denne ekstra kostnaden p.g.a. miljøvinsten dette gjev.

I Hordaland fylkeskommune er det gjort vedtak om at det skal satsast på biogassdrift på deler av bussparken i Bergen. I den vedtekne kollektivstrategien for Hordaland heiter det m.a.

*Skyss har eit langsiktig mål om utsleppsfree busstrafikk. Vi ser at elektrisk drift har store miljøfordeler, og vil vidareutvikle bruk av elektrisitet som framdriftssteknologi. Batteridrevne bussar og moglegheit for utvida bruk av trolleybuss vil bli vurdert fram mot neste bussanbod i Bergensområdet.*

*I Bergensområdet vil vi også satse på biogass, som er eit CO<sub>2</sub>-nøytralt drivstoff. Det er etablert eit samarbeid med Bergen kommune om bruk av biogass frå eit anlegg som no blir etablert i kommunen. Biogassanlegget vil ha kapasitet til å dekke forbruket til gassbussane som går i Bergen i dag. Skyss vil vurdere å auke talet på gassbussar i takt med tilgangen på lokalprodusert biogass.*

I år er det sett i drift 2 gasshybridbussar på 24 m som delvis er finansiert gjennom tilskot frå Transnova, og som trafikerar det indre byområdet. Når biogassanlegget til Bergen kommune etter planen kjem i drift i løpet av 2016 vil ein gradvis innfasa biogass i kollektivdrifta.

Kollektivdrifta i Bergen har eit årleg forbruk på omlag 4 mill Sm3 CNG. Ei ny vegavgift på kr 5,95 gjev difor ein meirkostnad på omlag 24 mill kr per år. I eit alt særslig pressa kollektivbudsjett vil det ikkje vera rom for å ta denne kostnadsauken. Det er vedteke å innføra tidsdifferensierte bompengar i Bergen frå komande årsskifte. Eit vilkår for å innføra tidsdifferensierte bompengar er at kollektivtilbodet vert dimensjonert for å ta trafikkveksten som følgjer av tiltaket. Fylkeskommune har store utfordringar med å finansiera den veksten i

kollektivtrafikken som dette tiltaket kan generera, samt den veksten som vil koma når det overordna målet for reisemiddelfordelinga i fylket, at veksten i personreiser skal takast ved miljøvenlege transportformer som kollektiv, sykkel og gange, skal realiserast.

Hordaland fylkeskommune ber på bakgrunn av dette om at staten kompenserer fylkeskommunane for den auka kostnaden til vegavgift ved bruk av naturgass.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*